



Svala 4H



Varhaug
Bondekvinnelag

Varhaug Buen

Lokal-lagsavis utgitt av Varhaug BU, Svala 4H, Varhaug
Bondelag og Varhaug Bondekvinne-lag



NBU

Varhaug BU



Varhaug
Bondelag

Desember 1997

Varhaug BU på tur til Månafossen



Varhaug BU har vært på
lokallagskonferanse på Gilja.
Som en del av koferansen inn-
gjekk en tur til Månafossen

mer på side 5



Varhaug
Bondekvinnelag

**Haustakke-
gudsteneste**

Side 7



Varhaug
Bondelag

Nytt styre

Side 13



Svala 4H

Haustfesten

Side 14

Aksjonsveka '97

Alle BU-lag i landet har kvart år ei aksjonsveke. Dette året var ho i frå 3-9. November. Me hadde arrangement alle

dagane unntatt måndag og lørdag. Her kjem ei oversikt over kva vi gjorde.

4. November

Fløtekake-pynting

Altså tysdag i aksjonsveka hadde eg "kurs" i fløtekake-pynting, eg tenkte at dersom eg skreiv kurs i staden for tevling så ville det mota fleire folk, men den gang ei. Me var berre fem stykk som pynta kvar si fløtekake. Men for alt i verda, me hadde det kjempegildt i lag me som var. Håper at det er fleire som kan tenkja seg å vera med på innetevlingane framover. Det er ikkje bare skikkeleg gildt, det er lærerikt au: "Kem trengje ikkje å kunna pynta ai kaga av og til?"

Hege

7. November

Smådisco på Elgane



God stemning på Elgane

Fredagen i aksjonsveka var alt klappet og klart for smådisco. Tor Jarle hadde med seg ein heil koffert med CD-plater

så me var ikkje redde for at det skulle stå på musikken. Mange ungar møtte opp og dansa heile veien. Med og uten partner....Var dei slitne, dansa dei vidare for det. For dei mjuke og toyelige arrangerte me limbo-konkurranse. Dei som var på discoen ville helste koma kvar fredag utover, men me lofte dei i alle fall at dette var ikkje det siste. Bare sjå etter plakater!

6. November

Utetevling 4-kamp



Her tevla me på ku. Kven vinn?

Torsdag i aksjonsveka hadde utetevlingsnemda 4-kamp hos Sverre Jr. Varhaug. Der var der hest, sau, gris og ku så me skulle gje poeng. Me var rundt 15 tevlarar, noko som ikkje er heilt gale!!! Me satser på mykje meir folk neste gong, men me så tevla hadde det voldsomt løye. Nokon likte ikkje hesten mens andre likte ikkje at Ingunn sprang rundt med fotoapparatet og blitsa i hytt å ver. Men alle klarte i alle fall å skriva ned nokre poeng. Etter me hadde tevla reiste alle opp på internatet der me åt pølse og drakk brus. Med oss som dommarar hadde me Jonas Ueland og Tommy Skretting.

WALDELAND & DUBLAND A.S

Djupholdsv. 3, 4360 Varhaug
Alt i mur - puss - fliser

Mobil: 946 70 773

Tlf. 51 43 05 09

Fax: 51 43 12 22



- fagkunnskap gir trygghet.





Aksjonsveka '97

Innebandyen



Stor aktivitet på banen



Her sitter femteparten av alle som var på bandyen i Aksjonsveka, den såkalla "Pausegjengen"

Tevlingsresultater

Senior	Hest	Sau	Ku	Gris	Samanlagt
1. Henning Skeie	88,5	92,75	91,0	86,0	358,25
2. Sverre Varhaug	94,0	86,0	92,75	83,25	356,00
3. Svein S. Varhaug	92,5	83,0	85,75	90,25	351,50
4. Sveinung Skretting	86,0	74,75	83,0	81,0	324,75

Junior	Hest	Sau	Ku	Gris	Samanlagt
1. Per Erik Skretting	92,0	91,0	87,5	87,0	397,50
Oddgeir Lerbekk	89,5	85,5	87,25	88,75	351,00
Steinar Kartevold	86,0	88,0	89,5	84,0	347,50
Atle Skeie	87,5	86,0	86,25	85,5	345,25
Rune Varhaug	88,5	84,75	87,25	80,0	340,50
Leif Arvid Årdal	88,5	83,0	82,5	84,75	338,75
Ingunn H. Reiestad	86,0	70,0	85,25	83,75	324,25

Yngre junior	Hest	Sau	Ku	Gris	Samanlagt
Egil Magnus Ånestad	93,5	90,5	89,5	83,0	356,50
Frode Varhaug	91,0	84,0	88,5	84,75	348,25
Ingrid Helen Aanestad	89,0	89,75	85,5	81,75	346,00
Magnus Skeie	86,5	85,25	86,5	84,75	343,00

VM i ludo

Vm-mesteren i ludo er herved kåra: Svein Borgen. På grunn av manglende konkurranse er han VM-mester i alle klasser. Han var helt suveren. Gratulerer!!!



EN LOKAL MESTER STÅR BAK



SL.BYGG A/S
SKRETTING & INGEBRETHSEN

Tradisjon i solid håndverk

Tlf.: 51 43 04 95
Fax: 51 43 25 90

ODLAND A/S

4360 Varhaug
Tlf. 51 43 09 59

Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid
Salg og montering av element - Armering -
Tegning



Sirdal høyfjellshotell

Haustkurs

Helgå 10-12 oktober hadde me adle sitt fram te i lange tie. Nå sgo me jammen te Sirdalen å kursa åkke + litt te. Me reiste hall femm i frå meierie, men korr va Steinar vorte henn?? Steinar B. komm jo ikkje. Va dæ o Olena så hellar ville ha ann haima??? Me gadd rett å slett ikkje venta lengar så me tog asste. Si dæ æ så langt te Sirdalen måtte me bara ha enn paose i Byrkjedal, der dei så ville konne eda, røya elle kjøba lys. Men omsidar komm me åkke inn på hotelle å sjekkte du romma. Her hadde me alt (?) me trong. Fjernsyn, telefon, dusj, seng... Itte enn græa goe middag, litt leking, vitser å moje romsligt drøs måtte me på kurs. Adle sprang å lette itte korr di forskjellige sgo vær. Dæ va igroen litt vanskele, jafall forr enkelte... Itte vell to tima, sprang me ner på romene færr å gjær åkke klar forr festen. Me hadde dæ grævla løy. Men det kommer allti en neste dag. Sko me takla denn konne me jafall kje springa åppe haila nåttå. Men dæ vart kje mange tima på aoa for telefonane kimte. Nogen tog kje dæ så tongt. Mæ røyret av sov di fortsatt vidare... men, men. Itte enn voldsomt lange dag va me hailt klar forr enn fest igjen. Itte enn

durabelige middag heiv me åkke i dæ. Dette tog jo mesten heilt av. Folk danste å hadde dæ løy så allre før. Ennå te macarenaen va ikkje glømmde. På søndagen va me skikkele trette. Dæ va adle enige omm. Så i ett-tiå va dæ av gårde Kåre heim. Viss darr æ nogen foreldre så lure på kefforr sonen/dottera kom heim mæ enn refleks på finstasen, så va dæ forr i tilfelle straomen sko ryga...

Men dæ æ allti svært å væra på tur mæ BU. Du kjenne græa mæ fællk i frå før, men du treffe allti enn hao mæ nye tryne. Men me treffes jo allti igjen, på ett av di mange arrangementå.

PS. Steinar kom til middagen



HÅBYGG a.s

Jenbaneveien, 4350 Nærbø

Tlf. 51 43 32 84 * Telefax 51 43 22 02

Dublandsveien 37, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 55 * Telefax 51 43 10 87



Varhaug Servicenter A/S

Tlf. 51 43 02 33 - 4360 VARHAUG

Styrking av lokallaget

Ingunn, Kjetil og Steinar var den 25-26. Oktober på kurs i regi av LU. På dette kurset lærte me om konfliktløsning, samarbeid, spilleregler, ledelse, kommunikasjon og presentasjonsteknikk. Mange kanskje kjedelige ord, men det var utroligt givande. Me lærte voldsomt mykje. Etter en lang hard dag gjekk nokre heim, medan andre festa i Bygdakjellaren. Med Limbo, karaoke og litt av kvart. Dette resulterte at i folk enten forsov seg til fjøset, eller kom ein time for tidleg på søndagen. Det er ikkje så lett å hugsa at me skulle stille klokka ein time tilbake. Men me har garantert ikkje lært heller. Men me hadde det kult og gildt og alt det der. Både kursledarane og deltakarane har lært at me i frå Varhaug liker voldsomt godt å diskutera.

Ingunn



Jæren NATURTERAPI

Gjertrud Hobberstad

Naturterapeut MNH

Aromaterapi

Zoneterapi

Kinesiologi

Øreakupunktur



Dysjalandsv. 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 00 36



Gilja

Lokallagskonferanse

Fredag 26. September reiste heila styret (Udenom enn) i Varhaug Bygdeungdomslag te Orre BU si hytta på Gilja. Me hadde handla inn alt me trengde for me raiste å va skikkele "fit for fight", me sko sedda opp årsplan å mōje aent lurt. Fredag va dæ bara sosialt samvær mæ gryderett å snacks. Itte me va goe å mette så datt me i dæ. Dai fleste av okke va ganske gira når kvelden kom i gang. Men me vart litt skoffa av lederen så ærligt talt sgo gå fore mæ ett godt eksempel!!! Hu va faktisk fysst i seng å dæ synns me va grævla sløvt. Men me så va igjen ga okke ikkje forr dæ, ehh jao, Korr vart dæ igroen av Steinar B. ? Han sov visst hann ao. Men me andre fekk både ovd på swingen og bluesen. Sånn cirka klokka 0700 på lordagsmårn va me i



Anne Mette og Hege tar en velfortent hvil ved Måna fossen



Steinar Kartevold og Kjetil Ejjestad engasjerer seg

seng. Men dæ va desto lettare forr åkke å stå opp igjen forr dæ me hadde vel igroen allre sobna.....Så klokka 0900 sto me opp igjen å færde te mårnsmad.

90 grade rett opp. Dæ æ ennå te mesten pålitele. Dei fleste øvelevde så vidt... Dæ va bara mæ naoå. Viss de ikkje trur okke æ darr bilede av okke i bladet. På kvelden va dæ igjen tid forr mad, kos og sosialt samvær. Meste liga gildt så på fredagen. På synndag va dæ tiligt opp å bjynna å rydda te heimreis. Me hadde jafall ei grævla gille helg i lag, så me håbe ikkje dæ værte så lange te neste gånng.

Anne Mette og Hege



Svein Borgen følger ivrig meg

Så va dæ øve te den seriøse delen av kurset. Me sette opp enn årsplan fram te jul. Men datoane sette me bara sånn cirka. Me hadde jo ett styremode raskt itte på der me sette opp dato, å kemma så æ ansvarlige forr dei ulike tingå. På lordag klokka 1400 va darr ett eller aent dommt håve så kom på att me sgo gå te MÅNAFOSSEN (va dæ Svein.....). Å letturde så me æ så vart me mæ. Hege trudde dette va helste enn asfalterte vei, så hu tog liga så godt på sæg sandala. Men då sleid hu litt. Oppturen va enn rektige opptur, elle sga me sai nedtur. Dæ gjekk enn vei, og den jekk sånn cirka

VARHAUG HUD- OG FOTTERAPI

v/Heidi Dubland

- * Hudpleie
- * Fotpleie
- * Hårfjerning
- * Vortebehandling
- * Farge vippe/bryn
- * AHA/Fruktsyre-behandling
- * Kunstnegler
- * Make-up

Tlf. 51 43 13 69
Stasjonsv. 20, 4360 Varhaug
(2. etc SR-Bank)

R. SKRETTING A/s

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



R. SKRETTING A/s

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE • SELSKAPSMAT



Tettstedkonferanse

Alle lag og organisasjoner vart i be-
gynnelsen av november inviterte til
tettstedkonferanse. Kommunen hadde
sett av 25 000 kroner til ett tiltak her i
bygda som kunne vere med på å auke
trivselen. Her var ungdomsskulen vel-
dig godt representerte, medan andre lag
og organisasjonar var det veldig lite folk
frå. Alle burde ha vore der. Dette var
altfor dårleg. Me hadde to gruppearbeid.
To grupper med dei vaksne i, og to med
ungdomsskuleelevar. Me skulle leggja

hovuda våre i bløyt for å finna ut tre ting
som kunne gjera Varhaug ein meir at-
traktiv stad å bu. Alle la forslaga fram for
heile salen. Døme på forslag er
generasjonssamling, torghandel, eit hus
for ungdommar med meir.

Sidan ungdommane var i fleirtal,
blei det til slutt nedsatt ein komité som
skal sjå på moglegheitane til å finna eit
hus som skal vera opent for ungdom-
mane kvar kveld. Men det er begrensa
kva ein kan få ut av 25 000 kroner.

Komitèen består av, i tillegg til
representantar i frå kulturkontoret:

Ingunn Helen Reiestad - Varhaug
BU, Stig Hobberstad - Varhaug Kriste-
lege Ungdomslag, Katrine Ridola - Var-
haug Ungdomsskule, Tor Jarle Ueland -
Varhaug Ungdomsskule, Cecilie Hauk-
eli Lovår - Varhaug Ungdomsskule og
Livar Skrettingland - Varhaug Ungdoms-
klubb.

Ingunn

Varhaug Bygdeungdomslag inviterer herved til fest!

Den 20. desember braker det laust. Då æ me adle heilt klare for

Julagraud '97

Sted: Haarheimen. Jæren sportspensjonat

*Klokka 19.00 åpner me dørene. Då serveres det
tradisjonell norsk risengraud*

*Når grauden er fortært, og mandelen er funnen varte
darr gang!! Då sidde darr klar to mannfolk som skal
spæla opp til dans.*

Tommy & Tigeren

*som spæle te ude i de små tima
Dæ kjæme utvilsomt te å ta heit av!*

*Eller ring til Ingunn: 51 43 03 24
eller Hege: 51 43 07 00*

Påmeldingsfrist: 10 Desember

Herligheten koster:

Medlemmer betaler kr. 120,-

Ikke medlemmer betaler 170,-

*For 100 kr (for testen) + medlemskontingent 160,- verte du medlem i
VBH i tillegg!!*

"Tæge dæ hailt av?"

Me er godt i gang med arbeidet for
dette året. Me skal ha Graudfest den 20.
Desember. Der verte det "goe gang". Me
håper at de vil stilla mannsterke der.
"Tæge dæ hailt av?" Det vil koma opp
plakater over tid og stad seinare. Me er
også i gang med å planlegga Kolle-
turnering og kollefesten. For turneringa
vil de trenga litt trening, og dette får de
på innebandytreningane kvar onsdag og
torsdag klokka 19.30 på barneskulen.
For alle de som vil verta medlemmar har
me fått medlemsskjema for resten av
dette året og for 1998. Me håper at flest
mulig vil bli medlemmar. Og selvfølgelig
vil de det! Di Bjerkreim BU skal også i år
ha den tradisjonelle Komlefesten. For
19. år på rad blir denne arrangert lordag
den 6. Desember. Vil de ha billetter så
selges dei på Vikeså Veiservice. Dette er
enn kjempefest så still opp!!! Likevel har
me hatt aksjonsveke, me har vore på
haustkurs, lokallagskurs, styrking av
lokallagsstyret (kurs) og mykje meir.
Allerede i januar slår me til med eit
swingkurs som er ope for alle. De får
meir informasjon seinare. Men me får
drosast. Me treffest på alle arrangementa
rundt i regionen og ikkje minst på
GRAUDFESTEN okka. Me slår til med
en til fest på nyåret. For kollefesten i
mars.

Helsing Ingunn



Sonemøte på Undheim

2.oktober var det sonemøte på Undheim Samfunnshus. Det var vår sone samen med Bjerkreim, og det var møtt fram ca 150 stk.

Formannen i Norges bondekvinnelag - Liv Skogset Værdal - hadde foredrag der ho tok for seg bondekvinnelaget si historie. Det var viktig å ta vare på medlemmane, både gamle og nye.



Formannen i NBK Liv Skogset Værdal

Underholdning var det først med dei «Syngande husmødrene» frå Heskestad, og så med teatergruppa frå Sivdammen. Desse siste imponerte stort. Dei framførde



Frå skuespelet «Sjå dei gamle» med ein skuespelar på 90 år

eit stykke av Torvald Thu «Sjå dei gamle», og ho som hadde hovedrolla vart 90 år veka etter.



HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28
Mobil 94 67 27 76

Regnskap - Lønn - Årsoppgjør
Firmaregistreringer - Budsjett m.m



N • A • R • F

NORGES AUTORISERTE REGNSKAPSFØRERS
FORENING - MEDLEM



Marta Ueland i godt lag



Gred, Anne Berit, Inger og Jenny ser ut til å kosa seg



Postboks 53, 4360 Varhaug. Tlf. 51 43 08 23



Aud Håland tek eit nytt år som leiar

Då årsmøtet til bondekvinnelaget tok til 25. september, hadde det ikkje lukkast valkomiteen å finna nokon ny leiar. Aud Håland hadde sagt at du følte seg «utbrent» og ville ikkje meir.

Heldigvis kom Aud på andre tanker under sjølvte motet, og med stort fleirtal sa ho JA til nok eit år som leiar.

Med seg i styret har ho: Evy Haugland/nestleiar (ny), Olena Kartevoll/kasserar, Inger Ueland/sekretær, Olena Skeie/styremedlem (ny), Liv Hobberstad/

skuleringsleiar, Bente Håland 1. varmann (ny), Kari Bryne 2. varmann (ny) og Gunvor Husveg 3. varmann (ny).

Me er så heldige å ha fylkesformannen - Jenny Hadland - som medlem i laget. Ho snakka på årsmøtet om Omsorg og Nettverk, Der kom ho inn på mange forskjellige grupper som kunne trenga ei utstrekt hand. Ole Tobias Dahl underheldt med sang og musikk, bl.a. sang han nokre fornøyelige sørlandsviser.

Bondekvinnelaget og bondelaget hadde tidlegare på året vorte samde om å sløyfa bondefesten. På årsmøtet til bondelaget kom det fram ynskje om at det og måtte verta bondefest i år. Dette måtte og bondekvinnelaget ta stilling til. Det vart ein diskusjon om dette, for fleire meinte at dette hadde styret sagt nei til tidlegare, og då fekk det vera slik. Men som kjent er det årsmøtet som bestemmer, og ved handsopprekking vart det fleirtal for bondefest.


Medlemsmøte i Oktober

Jarle Vidvei frå «Fjordkjøkken» på Varhaug hadde sagt ja til å koma på oktobermøtet. Han kalla foredraget sitt «Frå nedlagt meieri til ferdigmat». I tillegg til at det var gildt å høyra han fortelja om arbeidet med å få verksemda i gang, og om dei forskjellige rettane dei laga, fekk alle som var på møtet ein middagsrett som gåve. Det var og nokre ekstra som vart gevinstar saman med ein del planter.



4H pokalen

Bondekvinnelaget sin pokal for 1997 gjekk til Siv Helen Ueland for oppgåva «Form og Fantasi». GRATULERAR!



Internatet

Nå er me kome så langt med rehabiliteringa av bygget at bygdafolket vert invitert til å koma å sjå kor fint me har fått det. Det siste som vart ferdig er vevromet.

Lørdag 6. desember vert det ÅPE HUS. Då er alle velkomne!

Kaffi og kanskje litt attåt vert det og. VELKOMEN ALLE SAMAN!

VARHAUG BUEN Nr. 4 1997

Først på Jæren !

Du kan nå få utført dine banktjenester også på internett



Ønsker du mer informasjon, kontakt oss.
<http://time-sparebank.no>

Bryne
51 77 91 00

Varhaug
51 43 11 24

Kvernaland
51 48 73 00

Undheim
51 48 44 73

TIME SPAREBANK



Kronen gård, 31. Oktober - 1. November

Kurs i egenutvikling

Olena Skeie og Inger Ueland fekk reisa på kurs frå Varhaug Bondekvinnelag. Vi tok ut i gråvør og skodd på fredagen. Kom fram til Kronen Gård og sjekka inn. Fekk så servert laks til lunsj kl. 13.15.

Så starta sjølve kurset. Vi var 22 stykker som møtte opp. Kursleiar Aslaug Mikkelsen frå Rogalandforskning bad kvar enkelt presentera seg sjølv.

Ikkje det enklaste å få til. Elles var kursleiararen veldig engasjert og gjekk inn for oppgava med liv og lyst.

Etter ein god middag med lamme-kjøtt om kvelden, var det opp til kvar enkelt kva ein ville finna på. Dei fleste hadde det veldig triveleg.

Neste dag møtte vi til frokost kl. 8.00. Når den var fortært var det full gang med kurs att. Først var vi samla alle

til felles innføring i egenutvikling. Så blei vi delt opp i grupper for å løysa kvar vår oppgave.

Utbytte av dette kurset var veldig forskjellig. Dei fleste hadde nok venta seg noko anna. Meir i retning av gangen i organisasjonsarbeid. Dette blei i staden psykologi på høgt plan.

Elles så var rammen rundt kurset heilt fin. Kronen Gård hadde eit godt opplegg. Maten var veldig god og romma var fine. I det heile eit triveleg miljø.

Kurs

Det går nå mot sluttten på nok eit vevkurs, men i januar starter det eit nytt. Det er framleis Torill Haver som er lærar, og det er heilt utruleg kor mykje fint dei får til.

Bunadskurset er nå halvferdig. Etter nyttår vil me prøva å få til eit kombinert kappe/omsyingskurs slik som i vår. Det syner seg at det er fleire som har bunad som har «kråpe» i kles-skapet. Som tidlegare er Helene Haugedal som er lærar.

Er det andre kurs de er interessert i at me skal prøva å få i gang, så ta kontakt med Liv.

Kontingenten

Medlemskontingenten vert for 1998 den same som for 1997 - kr. 250. Giroen vert utsendt ca nyttår. Det er eit ynskje frå kasseraren at den vert betalt raskt, sidan laget må betala inn sin kontingent til fylke og land allerede i februar.

I fjor vart det litt ugreie mellom nokre av medlemmane og styret omkring dette, og dette er me leie for.



JÆRBETONG A.S

Njølstad, 4350 NÆRBØ

51 43 37 77

Fax 51 43 40 87

VI LEVERER:

**Ferdigbetong
Betongpunping
Betongpeler**



Liljekonvallen

Blomstrende gaver til alle anledninger finner du i

Stasjonsveien 14. på Varhaug

Tlf. 51 43 12 72



Auestad A/s

4360 VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36

Leiarmøte

Olena Skeie og Liv Hopperstad var på leiarmøte 6. november.

Her var hovedtemaet «Nettverk og Omsorg». Her skulle det vera 2 innleiarar, men berre den eine dukka opp. Men Jenny Hadland ordna den saken greitt, for dette er noko ho er oppteken av.

Etter at Liv Hagen - med bakgrunn i Frelsesarmeen - hadde snakka om sitt arbeid blant ungdom som finn livet vanskeleg, og den andre innleiaren framleis ikkje hadde kome, tok Jenny over. Ho er dyktig og veldig engasjert, og omsorg og nettverk er noko ho brenn for. (Me hadde sikkert ikkje fått meir med oss heim om den andre hadde dukka opp).

Elles var det orientering frå dei ymse utvala i RBK og om studiearbeidet.

Spørsmålet om nedlegging av Sauda Sjukehus hadde nett vore framme i nyhetene. Det vart laga til eit skriv frå møtet til fylket om at dette ikkje måtte skje.

Opprett BSU hos oss nå,
og vi kan gi deg
90% lån til 60% pris
til ditt første boliglån

SpareBank **1** SR-Bank

Best når det gjelder



Hau斯塔kegudstenesta

Skjelden har kyrkja vore så fint pynta som 19. oktober. Det var Bente Håland, Evy Haugland og Signe Lode Skretting frå bondekvinnelaget som hadde ordna med det. Sidan det var dagen for 4-åringane til å få kyrkjeboka si, var det og veldig mykje folk i kyrkja. Offerpengane denne dagen gjekk til Gadiwanprosjektet i Kamerun, og det kom inn kr. 3.984,50. Takk til alle de som støtta opp om dette.

Gadiwanprosjektet, kva er nå det? Jau, det er eit samarbeidsprosjekt mellom Rogalands-jordbruket, Det Norske Misjonsselskap og den lokale kyrkja i Kamerun. Dette er eit framhald av engasjementet for «Rogalandsgarden» som starta tidleg på 1960-talet.

Målet er eit utviklingsprogram retta



Utan farger kjem ikkje denne pynting til sin rett

mot landsbyane med familien i sentrum. Det blir lagt stor vekt på at folket i landsbyane skal ta ansvar og arbeida for eiga utvikling. Det er såleis eit integrert

prosjekt som legg vekt på jordbruk, skogplanting, helse, ernæring og miljøtiltak, og arbeider mellom anna med:

- * «Bevisstgjera» innbygarane til samfunnsengasjement.
- * Jordbruksrettleiing og primærhelseteneste i utvalde landsbyar.
- * Brønngraving og utbetring av vegar og bruer.
- * Å skaffa såfro og reiskap til bondene.
- * Undervisning i ny dyrknings-teknikk og nye kulturar.
- * Organisering av enkle samvirketiltak.

Med enkle ord kan ein seia at Gadiwanprosjektet er eit:

HANDSLAG FRÅ BØNDER
TIL BØNDER.

Fjordkjøkken

Med Fjordkjøkken på plass på Varhaug, gjekk det slik som Liv skreiv til "avslutningsfesten for Varhaug Meieri"

Melodi: Mot i brystet - vett i pannen

"Mot i brystet - vett i pannen"

Ja, det he me framleis - sjølv om VARHAUG MEIE-RI te Bjerkreim gjekk.

Tenk koss alle saman kjempa for å få behalda det me hadde hatt i mange mange år!

Men det gjekk ei slik - dei med "VED" he makt, så den kampen tapte me med glans.

Men de BJERKREIM kan nå bara med den osten, me skal nok få til ein annan produksjon!

Andre meie-ri he vorte bedehus og festsal - noko slikt skal ikkje me på Varhaug ha. Me skal nok få nye næring her i meie-riet, arbeidsplasser vert det ei for mange av.

Bare gje oss tid - så skal de få sjå me skal nok få gang på dette her. Ikkje vert det fødestove/soneterapirom - nei, me tenke meir på sunne norsk mat!

Å laga ost det er ein kunst som ikkje alle makter.

Varhaug var ein einar her i mange år!

Om de Bjerkreim nå får klatt, så får de bara koma - ned til oss på Varhaug og få gode råd.

Ja, så kan de sjå - gale kan det gå - når de "store" skal bestemma alt!

Tenk på alle pengane som kunne vore sparde, om de bara hadde høyrte litt meir på oss.





Kurs i Eigenutvikling

Fredag 31. Oktober og lørdag 1. november reiste styret i bondelaget på kurs. Kursstad var Kronen Gaard, Vatne Sandnes. Temaet for kurset var eigenutvikling. Dei som reiste var Sigmund Rangen, Arne Odland, Helga Bohn Skrettingland, Solveig Årdal, Kjell Skretting og Geir Egil Aanestad. Rogaland Bondekvinnelag var arrangør av kurset. Hadde det ikkje vore for de fire staute karane frå Varhaug hadde kurset blitt fullstendig kvinnedominert. Vi vel å tru at vi var eit positivt bidrag i så måte.

Vi reiste til kurset i spaning og forventning. Vi fekk innføring i emnet og lærte teknikkar for korleis vi set oss mål og korleis vi arbeider for å nå desse. Det vart mykje gruppearbeid der vi arbeidde med ulike oppgåver.

Emnet var kanskje ikkje av dei letteste. Vi hadde vel sett for oss at det hadde vore meir knytta opp mot det arbeidet vi gjer som styremedlemmer i lokallaget. Men vi fekk med oss ein ballast heim som vi kan byggja vidare på.

Å reisa på kurs har også ei sosial side.



Bondelagesstyret 97/98 på kurs på Kronen Gaard. F.v. Geir Egil Aanestad - kasserar, Kjell Skretting - Studieleiar, Arne Odland - Leiar, Solveig Årdal - Skulekontakt, Helga Bohn Skrettingland - Sekretær og Sigmund Rangen - Nestleiar.

Eit av måla med å reisa på kurs er at styremedlemmene skal læra ein annan betre å kjenna. Å treffa folk frå andre lokallag er også kjekt. For utan hardt program på kurset vart det også anledning til sosiale

aktivitetar etter ein betre middag på fredagskvelden.

GEAA



DAGROS – EIN SANN DRIVSTOFFLEVERANDØR

Mjolk dekkjer alle grunnleggjande behov kroppen har for energi – og for forming og oppbygging av celler og vev. Som næringsmiddel er mjolk eit av dei mest fullverdige vi har.

Barna i Rogaland drikk mest skulemjolk i heile Noreg. Hald fram med det! Eit sunt kosthald er nødvendig for god læring og vekst.



Krafttak mot kreft

I år var det bondelaget og bondekvinnelaget som hadde fått oppgåva å gå rundt med bøssene for årets TV-aksjon. Det vart ny innsamlingsrekord på ca 165 millionar og Varhaug sitt bidra til dette var snaut hundre tusen som også er rekord.

Vi vil med dette takka alle for det gode resultatet og ein spesiell takk til dei som sa seg villige til å gå med bøssene.

GEAA



JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - BILVERKSTED



TLF.: 51 43 04 22 - VARHAUG



Årsmøte

Den 23. september hadde me årsmøte i Banksalen. Det møtte opp 35 stk, hadde det ikkje vore for at siloslåtten var forsinka, hadde me nok vore fleire.

Dei fleste årsmøtesakene vart godkjende utan merknader. Arbeidsplanen vart kritisert fordi me ikkje hadde teke med bondefesten dette året. Men som dei fleste av dykk nok veit, er det ein frivillig komite som i skrivande stund arbeider med å få til bondefest i år også.

Etter vanlege årsmøtesaker og valg vart det servert sursteik, til dessert fekk me fløytekake og kaffi.

På årsmøte dette året hadde me med oss leiaren i Norges Bondelag. Det var ein engasjert leiar som snakka om ei bekymringsfull inntektsutvikling i landbruket, miljø og resursplan, mm.

Ho overrekte og blomar til Rasmus J. Odland og Kornelius Skrettingland for 50 års medlemsskap i Norges Bondelag.



Kjappe replikkar på årsmøte mellom dei 2 høvdingane Arne Odland og Kirsten I. Værdal, mens gamlehovding Olav R. Husveg ilag med Liv Hobberstad og Martin Skrettingland "humrar" fornøgd.



Det "gamla" styret i V.B.L. F.v: Geir Egil Aanestad, Ove Kleveland, Solveig Årdal, Sigmund Rangen, Lauritz Håland, Helga B. Skrettingland.

Sitjande foran, dei to "Bondehovdingane" Arne Odland og Kirsten I. Værdal.



Det vart og delt ut blomar til Liv Hobberstad, som gjekk ut av valnemda, Mindor Jelsa frå SR-bank og Kåre Tjåland frå handelslaget for mange års godt samarbeid. Kirsten Ingjerd Værdal fekk overrekt lagets vipe og blomar for at ho kom og var med oss. Lauritz Håland og Ove Kleveland fekk kvar si vipe som bevis og takk for god innsats i styret.

Det nye styret er:

Arne Odland	-Leiar
Sigmund Rangen	-Nestleiar
Kjell Skretting	-Studieleiar
Solveig Årdal	-Skulekontakt
Helga Bøhn	
Skrettingland	-Sekretær
Geir Egil Aanestad	-Kasserar

Arne Odland

Bohus

STUELAND

VARHAUG: Tlf. 51 43 00 77



Haustfest

Fredag 24. oktober var det klart for årets haustfest i Svala 4H. Som tidlegare år føregjekk festen i Varhaug-hallen.

Alt torsdag kveld vart utstillingane klargjort, og det vart lagt ned mykje godt arbeid i utstillingane. I år var det i alt 48 utstillarar, og det var både flott og imponerende arbeid som vart vist fram.

Festen på fredag vart leia av Steinar, og den oppgåva meistra han på ein god måte.

Me hadde dekka til 160, og det var ikkje mange ledige stolar.

Det heile starta med allsang leia av Eivind og fela hans. Etter tur fekk dei ordet, både Elisebeth Berge som festtalar, representantar frå kommune og ulike lag, og Olav Mæland som delte ut merke, fagskjold og plakettar.

I år gjekk innsatspokalen frå BU til Anita og Anne Mette for godt arbeid i Svala dette året.

Elles fekk Jan Ove pokalen frå Bondelaget for oppgåva si om sauene. Det var lagt ned svært mykje arbeid i denne oppgåva.

Siv Helen fekk pokalen frå Bondekvinnelaget for oppgåva «Form og fantasi».

Høgdepunktet var nok utdelinga av plaketten for 7 år med fullført oppgåve i 4H.

I år var det tre jenter som sto for tur, nemleg Monica



Plakett mottakarane i år er: Siri Kvia, Monica Knudsen og Solveig Flåtem



BYGGMESTER
Jon Harald
Håland a.s

Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
Mob. tlf. 94 67 66 48. Tlf. 51 43 07 70
Privat 51 43 05 03



Haustrfest

forts.

Knudsen, Siri Kvía og Solveig Flåten. Siri og Solveig fekk i tillegg vase frå Svala for 9 år i klubben.

Etter utdelinga var det tid for mat, lapskaus sto på menyen og det minka etterkvart kraftig i grytene.

Det var og sal av årer i pausen, og kjøpelysta var stor.

Etter ei god matøkt sto underhaldning og leiker på programmet. Alt var laga og vart framført av medlemmane sjølve.

Til slutt hadde me utlodning av alle fruktkorgene for Steinar ønska alle vel heim.

Alle var samde om at det hadde vore ein gild kveld.



Aspirantane. Det gror i Svala 4H



Aspirant og seniorutstilling



Dyreoppgåver: Sau og hund



AH Bygg Auestad & Håland AS

Telefon 51 43 11 08
Mob.tlf. 94 60 16 37
" 94 60 16 24

Damebyen 27, 4360 Varhaug

Gilde Agro Fellsslakteri BA

Kjøttprodusentenes • bedrift
• interesseorganisasjon
• varemerke

KJØTTSAMVIRKET TIL KJØTTPRODUSENTENS BESTE

Adresse:

Blad

Returadresse:

Varhaug Buen
v/ Anbjørn Ueland
Lensmanskjennet 26
4360 Varhaug

Varhaug Buen

Medlemsblad utgitt av Varhaug
Bygdeungdomslag, Svala 4H,
Varhaug Bondelag og Varhaug
Bondekvinneag

Opplag: 1200

Redaktør:

Anbjørn Ueland
Tlf.: 51 43 13 01

Varhaug BU:

Ingunn Helen Reiestad
Tlf: 51 43 03 24

Tor Jarle Ueland
Tlf: 51 43 07 53

Svala 4H

Jon Flåten
Tlf: 51 43 08 38

Varhaug Bondelag

Geir Egil Ånestad
Tlf: 51 43 05 74

Arne Odland
Tlf: 51 43 11 77

Varhaug Bondekvinneag

Liv Hobberstad
51 43 03 93

Olena Skeie
Tlf: 51 43 25 30

Kva skjer?

Varhaug BU:

Desember

- 5 Kontaktmøte
- 6 Komlefest, Bjerkreim BU
- 20 Julaball, Gjesdal BU
- 20 Graudfest, Varhaug BU
- 26 2. dagsfest, Time BU
- 31 Nyttårsfest, Vigrestad BU

Januar

- 10 Styrekalas, Lund BU

Mars

- 21 Innebandyturnering
- 21 Køllefest

Varhaug Bondekvinneag:

Desember

- 12 Julemøtet - Lerbrekkskrinsen

Januar

- 29 Medlemsmøte

Februar

- 25 Medlemsmøte

Mars

- 26 Medlemsmøte

Svala 4H:

Desember

- 6 Plastinnsamling



BYGGMESTER / AUT. ENTREPRENØR

Mindor Skretting

Dublandsveien 13, 4360 Varhaug

Telefon: 51 43 13 50 * Fax: 51 43 44 70

Mobil 964 15 499

Internatet:

51 43 78 20

Stoffrist:

15. Februar 1997

Til nr. 1
Bladet kjem ut uke 11

Lura Trykkeri a.s



Varhaug Handelslag